

Språkundervisning av god kvalitet for eit demokratisk, sosialt samanhaldande og fredeleg Europa: dei ni hjørnesteinane til ECML

Europarådet har spelt ei avgjerande rolle i arbeidet med å få til ei positiv endring til språkutdanninga i og utanfor Europa. Formålet er utvida frå berre å leggje vekt på moderne framandspråk til òg å omfatte område som fleispråklegheit og kulturell og kognitiv kompetanse. Demokratisk medborgarskap og menneskerettar blir sett i sentrum for undervisning og læring idetein trekkjer vekslar på dei eksisterande språkkunnskapane til den enkelte eleven. Når målet er opplæring av god kvalitet for alle, blir språkleg og kulturelt mangfald fremja.

Sjølv om mange land har teke til seg denne positive endringa, blir utviklinga hindra av eit breiare politisk klima med aukande intoleranse overfor andre menneske, kulturar og språk, samtidig som dei økonomiske ressursane er avgrensa og utdanningssystema er «kompartimentaliserte». Det er framleis eit stort gap mellom rådet sin heilskaplege visjon for språkopplæringa og den verkelege verda.

ECML er i skjæringspunktet mellom politikk, forskning, lærarutdanning og praksis og er i ein unik posisjon med omsyn til å hjelpe medlemsstatane med å byggje bru over dette gapet.

Medlemsstatane i ECML, ekspertar og andre interessentar ser på 25-årsjubileet som ein sjanse til å auke medvitet om den gode språkopplæringa si politiske betydning, og om korleis ho bidreg til demokratiske, fredelege samfunn.

Med denne erklæringa lover vi å samarbeide for å sørge for at vår felles visjon om inkluderande, fleispråkleg og interkulturell opplæring blir oppfylt i medlemsstatane. Vi ønskjer å rette søkjelyset mot dei ni hjørnesteinane til ECML, som er tett knytte saman med kvarandre, og som støttar realiseringa av dette målet.

Aktuelle utfordringar

Støtta til opplæring i meir enn eitt framandspråk blir svekt både i samfunnet generelt og på alle utdanningsnivå. Det fører igjen til manglande interesse for nærskylde og mindre utbreidde språk, samtidig som det rår misforståingar om stillinga til morsmålet. Dette er berre nokre av dei problemstillingane som bør få ekstra stor merksemd. Det er behov for eit meir variert tilbod av språkundervisning på utdanningsinstitusjonane, og ein bør sørge for at språkopplæringa fasiliterer integrering i skulane og i arbeidslivet. Ettersom språkutvikling er ein livslang læringsprosess som òg omfattar formell, ikkje-formell og uformell læring, trengst det vedvarande pedagogisk og strukturell støtte, slik at elevane kan utvikle potensialet sitt og delta som aktive samfunnsborgarar.

Rolla til ECML

ECML anerkjenner verdien av pedagogiske metodar som er tilpassa behova til elevane og spesifikke språkkontekstar (morsmål/førstespråk, andrespråk, framandspråk, regionalt språk, migrasjonsspråk, fagspråk etc.).

Vi set pris på alle som arbeider i sektoren, og underviser alt frå småbarn til vaksne, og som bidreg til profesjonalisering ved å gi tilgang til innovative ressursar og høve til utvikling og endring. Vi støttar fagfolk i arbeidet med å svare på dei stadig meir komplekse utfordringane i tida vi lever i, og med å omfamne eit inkluderande, fleispråkleg og interkulturelt fornuftsgrunnlag der dei eksisterande språkkunnskapane til elevane blir brukte som ein ressurs.

Takka vere nettverket vårt på nasjonalt og internasjonalt nivå og det sterke samarbeidet med EU-kommisjonen er ECML ei drivkraft for spreiding og innføring av god språkundervisning.

Mot ein tilrådd politikk

Europarådet meiner at tida er moden for å utvikle ei ny tilråding som understrekar den politiske betydninga av fleispråkleg opplæring. Vi ønskjer dette initiativet velkommen og foreslår at denne jubileumserklæringa blir trekt inn i utarbeidinga av ei slik tilråding.



Dei ni hjørnesteinane til ECML

Med ein heilskapleg visjon for språkopplæring som set eleven i sentrum, har ECML identifisert ni hjørnesteinar – viktige aspekt ved språkopplæringa som speglar kompleksiteten i og omfanget av elevane sine behov gjennom heile opplæringa. Det er nødvendig med spesialkompetanse, slik at profesjonelle språkarbeidarar kan svare på dei forskjellige behova på ein god måte. Samtidig er hjørnesteinane knytte saman med kvarandre og interagerer med kvarandre, og grensene mellom dei er ikkje absolutte. Dei spesifikke måtane som kvar hjørnestein bidreg til den heilskaplege visjonen på, er beskrivne nedanfor.

Fleirspråkleg og interkulturell opplæring



Ved å anerkjenne at god språkopplæring er knytt til menneskerettane og til sosial rettferd og demokratisk medborgarskap, og at det sentrale målet er å fremje den personlege utviklinga til den enkelte som ein sjølvbestemmande sosial agent med rettar og ansvar i eit pluralistisk samfunn, og ved å implementere fleirspråkleg og interkulturell opplæring, slik at elevane utviklar ein språkkompetanse der alle språkferdigheiter har sin funksjon.

Lærar- og elevkompetanse



Ved å støtte lærarar og elevar i utviklinga av verdiar og haldningar der dei viser respekt og openheit for det som er annleis, ved å leggje til rette for utvikling av den språklege, kommunikative, kulturelle og fleirspråklege kompetansen som er nødvendig for fullt ut å kunne delta i eit kulturelt mangfaldig samfunn, og ved å fremje innovativ pedagogikk som er velegna for spesifikke opplæringskontekstar.

Opplæringspråk



Ved å støtte alle elevar si utvikling av kompetanse innanfor opplæringspråket eller språka og ein fagspesifikk diskurs som ein avgjerande måte å sikre tilgang til god opplæring på, ved å oppmuntre skulane til ei tilnærming der språkopplæringa involverer heile skulen, og ved å skape læringsmiljø der elevane kan utvikle heile det kulturelle og språklege registeret sitt.

Nye medium



Ved å oppmuntre profesjonelle språkarbeidarar til å bruke globale opplæringsmodellar som er knytte saman med kvarandre, og finne innovative metodar som gjer språkkinnlæringa og undervisninga meir effektiv, ved å utvikle digital kompetanse gjennom oppgåvebasert, samarbeidande og erfaringsbasert pedagogikk, og ved å sørge for å nytte teknologi som bidreg til at elevane kan bli ansvarlege og kritiske mediebrukarar.

Læring der innhald og språk er integrert



Ved å bidra til utviklinga av ferdigheiter som sjølvstendig, analytisk og kritisk tenking gjennom ein plan for fleirspråkleg kompetanse der elevane utviklar språklege og kulturelle ferdigheiter på tvers av språk og fagområde, og ved å forbetre kvaliteten ikkje berre på sjølve språket, men òg på omgrepsforståinga innanfor forskjellige emne.

Opplæring og arbeid for migrantar



Ved å støtte den språklege og sosiale integreringa av migrantar gjennom ein tovegsprosess som gir dei høve til å tileigne seg språket i vertslandet og fasiliterer tilgangen til arbeidsmarknaden, samtidig som deira eige språk og deira eigen kultur blir anerkjent og respektert, og ved å leggje til rette for språktileigning for profesjonelle formål og arbeidsrelatert kunnskap.

Teiknspråk



Ved å anerkjenne at teiknspråk er ein del av den felles kulturelle og språklege kapitalen i Europa, ved å sørge for at teiknspråkbrukarar får full tilgang til det same spekteret av utdanningsmoglegheiter og språkrrike miljø som det som blir tilbydd for munnlege språk, og ved å tilby opplæringsmoglegheiter og utvikle materiell som er nyttig for teiknspråklærarar.

Tidleg språklæring



Ved å fremje positive haldningar til andre språk og andre kulturar og dermed leggje til rette for openheit og respekt for mangfald, ved å oppmuntre lærarar til å gå inn for alderstilpassa kommunikativ og interaktiv pedagogikk, og ved å gi tilgang til opplæringsmodular og støttande materiell.

Læreplanar og vurdering



Ved å forbetre sjølvstendig læring gjennom transparent, personleg fastsetjing av mål og bruk av formative vurderingsverktøy som European Language Portfolio, og ved å fasilitere integrering av Europarådets referanserammeverk i læreplanane og i både formative og summative vurderingsprosessar.